



Kiril Makarov  
Solheim 49  
5983 Haugsvær

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/507 - 23/4770

Sakshandsamar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
25.05.2023

## Førebels tilbakemelding - Søknad om utsleppsløyve - gbnr 44/24

Viser til ditt brev datert 25.05.2023.

Masfjorden kommune har eigen forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn ([Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Masfjorden kommune, Vestland - Lovdata](#))

Under pkt. 5 i din søknad er det kryssa for at anlegget har «20% reduksjon av suspendert stoff», mens Masfjorden kommune har krav til maks 180 mg suspendert stoff/ liter i restkonsentrasjon.

### § 3. Reinsekrav (erstattar forurensningsforskrifta § 12-8 og § 12-9)

Reinsekrava gjeld for alle utslepp av sanitært avløpsvatn på ein eigedom. Ved nytt eller utviding av eksisterande løyve skal det stillast krav om at alle utslepp av sanitært avløpsvatn, frå alle bygningar på ein eigedom, skal tilfredsstillast reinsekrava.

Kommunen er inndelt i følgjande reinseklassar med tilhøyrande krav til reinseeffekt:

Reinseklasse	Krav til reinseeffekt			Krav til reinseeffekt (tal/100 ml)
	Total fosfor (P)	BOF 5	Suspendert stoff (SS)	Bakteriar (TKB)
a+ (biologisk/kjemisk minireinseanlegg m/etterpolering)	<1,0 mg/l (dette tilsvarar ein reinseeffekt på 90 %)	<25 mg/l (dette tilsvarar ein reinseeffekt på 90 %)		<1000
a (biologisk/kjemisk minireinseanlegg)	< 1,0 mg/l	< 25 mg/l		
d (slamavskiljar)			< 180 mg SS/l restkonsentrasjon	

Ber om å få tilsendt dokumentasjon på at slamskillaren klarar dette. Det vil eg tru at Hafs Elektro og Rør AS kan framskaffa til deg.

Vidare er det krav til at utsleppsstad for leiding i sjø skal vera større enn 10 m under lågaste vasstandsnivå.

**§ 5. Utsleppsstad (erstattar forurensningsforskrifta § 12-11)**

Ved utslepp til sjø og vatn skal utsleppsstad og djupne vurderast i forhold til resipienten i kvart tilfelle. Straumtilhøve, brukarinteresser i sjø og eventuelle tersklar mot eit større basseng skal vurderast.

Utsleppsstad for avløpsvatn frå reinseanlegg skal lokaliserast og utformast slik at verknadane av utsleppet på resipienten og inngrep i naturen vert minst mogleg, og at brukarkonfliktar vert unngått. Drikkevattn må ikkje forureinast. Elvar og bekkar som tek imot reinsa avløpsvatn skal ha årsikker vassføring.

Anlegget og leidningar må vera frostsikre og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve.

Leidningsnett skal utførast som skjult anlegg i terrenget. Terrenget skal først tilbake til opphavleg tilstand etter at leidningsnettet er lagt.

Det er krav om at utsleppsstad vert koordinatfesta.

Krav utover minimumskrav kan setjast i enkeltsaker etter vurdering av lokale tilhøve.

a. Utsleppsstad for avlaupsvatn frå slamavskiljar (reinseklasse d) til sjøresipient skal lokaliserast slik:

For tilstrekkeleg fortynning og innlagring av avløpsvatnet må utsleppsdjup for tett leidning som hovudregel vera større enn 10 meter under lågaste vasstands nivå for utslepp inntil 25 pe og 20 m for utslepp over 25 pe, men minst 20 meter frå land og minimum 100 meter frå ålmenn nytta bade plass.

I søknad er det under pkt. 4 oppgjeve at utsleppsdjup er over 2 m. Men då kravet er 10 m trengje me bekrefting på at leidninga sluttar på denne djupa eller djupare.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt saksbehandlar Jan Kvingedal.

Med helsing

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Kiril Makarov

Solheim 49

5983

Haugsvær